Vedlegg 1:

## Handsaming av merknader og uttaler til planarbeidet

| | |
|---|---|
| Plannamn | Reguleringsplan FV 121 Baldersheim |
| Arealplan-ID | 1241_201803 |
| Saksnummer | 09/782 |
| Utarbeida av | Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS |
| Datert/revidert | 29.10.2018 |

| Avsendar | Dato | Samandrag av uttaler | Kommentar/handsaming/<br>vis til endring i plankart/ føresegn |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavd. | 30.08.10 | Utviding av småbåthamna er i strid med overordna plan, men ein ser på utvidinga som naturleg. Viktige friluftsområde må oppretthaldast. Ein må ta omsyn til gruntvassområde i aust for å unngå mudring eller utfylling i dette område. | Utviding av småbåthamn er tatt ut av planforslaget. Friluftsområde er tatt inn i planen. |
| Fylkesmannen i Hordaland Landbruk | 30.08.10 | Rår til at minst eit naust på kvar landbrukseigedom vert regulert til landbruksføremål for å hindre frådeling / bruksendring. Ein bør ta med føresegner i planen som sikrar vidare bruk av dyrka mark frå areal som vert omdisponert. | Eit av nausta på 106/1 ligg igjen som landbruksformål. Det er tatt inn føresegn 1.2.1 som sikrar bruk av matjord. |
| | | | |
| Fylkeskommunen Kultur og idrett | 23.09.10 | Det vart utført synfaring på land 16.11.2010. Ein har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområde på land. På Baldersheim dampskipskai ligg det bygg registrert i SEFRAK registeret. Det må utførast marinbiologiske undersøkingar av Bergen Sjøfartsmuseum. | Relevant del av plan er tatt ut av planområde. |
| Statens vegvesen | 07.10.10 | 1: Er positiv til utarbeiding av plan for fortau langs fylkesvegen, og omlegging/utbetring av kryss mot fylkesvegen. Etter handbok 017 skal vegen, med fartsgrense 60 km/t planleggjast etter krav for | 1:Planarbeidet legg til grunn ei fartsgrense på 50 km/t<br><br>2: Avkøyringer er tatt med i planen. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | vegtype S1. Slik standarden er i dag vil dette kunne føre til omfattande fråvikshandtering. Dersom vegen får fartsgrense 50 km/t er det ingen spesifiserte krav til utforming. Det bør difor vurderast om fartsgrensa gjennom planområde kan reduserast til 50 km/t.<br>2: Alle avkjørsler, med utforming og siktlinjer, må visast i planen.<br><br>3:Fartsgrense og skiltplan skal sendast på høring, og godkjenning av desse er ein føresetnad for gjennomføring av planen.<br><br>4 Det er ikkje gangforbindelse mellom fortau langs Fv og til haldeplassen, og heller ikkje frå haldeplass til fortau langs kommunal veg. Dette må inn i planen<br><br>5:Det må settast av tilstrekkeleg areal til inn- og utkjøring for bussar.<br><br>6:Det må skildrast korleis ein vil at haldeplassen skal fungera, både kartteknisk og i skildringa. | 3: Blir del av teknisk plan som må godkjennast før tiltak blir iverksatt.<br>4: I planforslaget som ligg føre skal det være god samanheng i fortau og haldeplass.<br>5: Areal i planforslag er no satt etter dialog med Statens vegvesen og Skyss.<br>6: Skildring tatt med i planomtale kap 8.3.2 |
| Kystverket, vest | 08.06.12 | Kystverket er inne i ein prosess der fiskerihavner som ikkje lenger er næringsaktive vert vurderes avvikla. Baldersheim fiskerihavn vert vurdert som ein av desse. I samband med opparbeiding av molo i Baldersheim vart det tinglyst ein rekke rettigheter knytt til Kystverket og begrensninger ift bruken av areal. Dette er ikkje teke omsyn til i planarbeidet. Kystverket ønskjer ei positiv avklaring på det tingrettslige og evt ei avvikling av fiskerihamna, og foreslår ei møte mellom kommunen og Kystverket. | Relevant del er tatt ut av planområdet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen | 13.06.12 | Fylkesmannen har motsegn til etablering av naust i planen | Etablering av naust er tatt ut av planen. Er derfor ikkje lengre grunnlag for motsegna. |
| Hordaland Fylkeskommune | 13.06.12 | 1: Utkjøring frå haldeplass i nord stettar ikkje krava til Statens Vegvesen, og må utbetrast ihht til krava.<br><br>2:Det må gå tydeleg fram av føresegnene antall naust og antall båtplassar planen legg til rette for.<br><br>3: Ber kommunen om å vurdera dei skisserte forslaga med tanke på inngripen i landskap og strandsone. Fylkeskommunen ser at ein unngår inngrep i kulturlandskapstrekk, td steingardar, eldre vegar og stiar, tufter, bakkemurar osb.<br><br>4:Ber om at samferdselavdelinga hjå Fylkeskommunen og/eller Skyss vert inkludert i vidare arbeid. | 1: Haldeplass i nord er fjerna i planforslaget.<br><br>2: Planforslag er endra. Kun eksistarande naust som er med.<br><br>3: Planforslaget er ein heilheits vurdering. Fylkesmannen har vore involvert undervegs med tanke på inngrep i strandsona.<br><br>4: Skyss og Statens vegvesen har vore involvert i utforminga av planforslaget. |
| Fiskeridirektoratet | 19.06.12 | Påpeiker at det foreligger klausuler mht bruk av areal i havna. Uavklarte klausuler må avklarast før ein kan ta stilling til forslaget. I påvente av eit møte mellom kommunen og Kystverket, avventer Fiskeridirektoratet med evt merknader. | Relevant område er tatt ut av planen. |
| Ungdomsrådet, Fusa kommune | 05.06.12 | 1:Ønsker fullverdig gang og sykkelfelt med fysisk skille<br><br>2:Ungdomsrådet saknar gangfelt ved avkjøring til Kleppe og ved avkjøring til gravplass. Dei peikar òg på at | 1:Ønske om fullverdig gang og sykkelveg med fysisk skille er ikkje tatt til følgje i planen. Trafikkgrunnlag krev heller ikkje er slik løysing.<br><br>2:Trafikkgrunnlaget stettar ikkje krava, og vert ikkje implementert i planen. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | farten ikkje bør vera høgare enn 40 km/t.<br><br>3:For å sikra allmenn tilgong til og opphald ved sjø på Hauaneset ønskjer ungdomsrådet at området vert omgjort til Friluftsføremål | 3:Området ved Hauganeset er landbruksformål. Friluftslova sikrar allmenn tilgang til sjø og opphald langs sjøen.<br>Bruk av området fordrar at ein ikkje volder skade eller etterlater seg avfall jf. friluftslova §11 |
| Ingebjørg Bårtvedt Larsen, uttale for 106/3 | | Meiner at bygging av båthamn m/flytebrygge slik den ligg føre i reguleringsplanen ikkje let seg gjennomføra utan store inngrep i området. Foreslår at flytebrygge vert lagt på andre sida av kaien i området. | Båthamn er tatt ut av planen. |
| Steinar Skår | 16.06.12 | 1:Ønskjer 10 naust i friluftsområde b.<br><br>2:Framleis tilgang til å ta ut sand. | 1:Ikkje tatt til følgje.<br><br>2: Planen regulerer ikkje dette. |
| Anne og Alf Egil Fagerbakke | 19.06.12 | Foreslår å flytta haldeplassen lenger inn mot skulen for på den måten å få ein tryggare trafikksituasjon. | Planforslaget flyttar ikkje haldeplassen lener inn. Planen gjev god trafikksituasjon for mjuke trafikkantar. |
| Holger Baldersheim | 20.06.12 | 1:Ønskjer at krysset ved Hauganeset vert flytta lenger mot aust for å få betre sikt mot tunellen. Vegkrysset bør utformast på ein slik måte at minst mogeleg av landbruksareal vert nytta.<br><br>2:Bruk 106/1 har tre avkjørsler til landbruksareal.i planområdet. Ber om at desse vert teikna inn.<br><br>3: Vegbreidda på veg 3000 bør regulerast til 5,0 m. | 1: Krysset er endra til å følge krav.<br><br>2: Avkøyringar er teikna inn.<br><br>3: 5 meter bredde er lagt inn. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | 4: Ønskjer at det vert lagt inn tre naust på 106/16.<br><br>5:Renovasjons- og returpunktet som er plasser ved avkjørsla til Hauganeset bør flyttast til ein tryggare og meir hensiktsmessig stad.<br><br>6:Plasseringa av småbåthamna til Vestbo bør vurderast og minner om at søknad sendt i 2009 frå Vestbo om tilsvarande plassering fekk avslag i planutvalet. | 4: Ikkje tatt til følgje.<br><br>5: det er ikkje regulert inn eigen avfallsplass i planen.<br><br>6: småbåtanlegg er tatt ut av plan. |
| Kari Skeide | 18.06.12 | Grunneiger mener plan ikke følger det som ble forklart på befaring | Avvik og endringer frå ein befaring kan førekomme. |

Merknadshandtering for utsendt plan av 13.06.2018 - 2. gangs høyringsuttale

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkeskommunen, Regionalavdelinga, seksjon for plan-REG AVD | 22-08-18 | 1: Planfaglege merknader. Kommunen har teke omsyn til trafikksikringsplanen, dette er positivt.<br><br>2: Barn og unges interesser: Er ivareteke på ein god måte.<br><br>3: Kulturminne og kulturmiljø:<br>Det er utført undersøkingar (Kultur- og idrettsavd.+Bergens Sjøfartsmuseum). Ingen funn registrert, men tiltakshavar må stoppa arbeidet dersom det under opparbeiding av området skulle dukka opp funn eller konstruksjonar. | 1: ok<br><br>2: ok<br><br>3: ok |
| Fylkesmannen, Kommunal- og samfunnsplan avdelinga | 16-08-18 | 1: Ingen større merknader, men ein bør sjå nærare på elveutlaupet for å sikra betre gjennomstrøyming. | 1: Elveløpet er normalt stort nok men er avhengig kan være avhengig av at det blir tatt ut sand i utløpet. Planen sikrar moglegheiter for dette. |
| Statens vegvesen | 28-06-18 | 1: Mellombels uttale: | 1: Det er komen ny vegnormal gjeldande frå |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Regulert Fv121 tilfredsstiller truleg standardklasse Sa1 handbok N100, bortsett frå grøftebreidde, sikt m.m.<br>Det må søkjast om fråvik for alle løysingar på Fv121 som ikkje er i samsvar med gjeldande normalar. | sep. 2018. der veg svarer til veg med klasse L1. Planomtale er oppdatert . Naudsynte fråvik er søkt til SVV. |
| Fiskeridirektoratet, forvaltningsseksjonen i region Vest | 27-07-18 | 1: Har ikkje merknader til planframlegget knytt til utøving av fiske i sjøområda. Føreset at Kystverket si motsegn ang. planområdet rundt vågen vert avklara. | 1: motsegna er avklara. |
| Direktoratet for mineralforvaltning | 29-06-18 | 1: Har ingen merknader til saka. | |
| Baldersheim Vassverk SA, v/Ingar Aarvik | 14-06-18 | 1: Info om saka: Baldersheim Vassverk Sa har hovudvassleidning som går i planområdet. Vil informerast før arbeidet startar. | 1: Notert |
| Baldersheim Bygdalag | 24-08-18 | 1: BB er interessert i å overta molo på Baldersheim. Formål: bygdepark | 1: Ikkje del av planområde. |
| Britta og Arnt Hasborg, 106/10, nabo | 09-07-18 | 1: Heilårsbustad nytta som fritidsbustad-må teiknast inn på kartet.<br><br>2: Ynskjer parkering i svingen ovafor tomta som før.<br><br>3: Grenselinja (sjå kartvedlegg) skal vera 1 m nærare vegen. | 1: Det er ikkje ønskeleg å utvide planområdet og ta med ytterlegare private bustader i reguleringsplan for trafikksikring. Merknad ikkje tatt til følgje.<br><br>2: Det er uklart kva ein meiner med ovanfor svingen. I frisiktsone er det ikkje lov å parkere. Denne sona vil bli redusert når vegen blir forkøyrsregulert.<br><br>3: Det er ikkje lagt inn grenselinje i kart. Det er frisiktlinje som vises. |
| Anne B. Fagerbakke og Alf Egil Fagerbakke, 107/25. nabo | 02-08-18 | 1: Viser til brev dat.14.06.18 m forslag til kvar snuplass skulebuss kan plasserast. Utdjupar og legg fram forslag som viser korleis skuleborna kan ferdast trygt. | 1: Innspel ikkje tatt til følgje. Haldeplass skal ligge ved Fylkesvegen. |
| Kari B. Skeide v/Lars S. Skeide (etter fullmakt), | 23-08-18 | 1: Føreslåtte endringar i planforslaget gjev store inngrep for heimelshavar. | 1: Merknad er notert. Trafikk tiltak vil ha inngripen for eigedomar langs veg. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 107/51, 27,55, 19 og 12, nabo | | 2: Endring frå fritidsbebyggelse til friluftsformål – er i strid med KP sin arealdel.<br><br>3: Vil ha endra plangrense og ta heile bnr. 12 og 27 inn i regplanen.<br><br>4: o_SKV2 m gangveg/fortau må ha minst mulig inngrep i privat eigedom.<br><br>5: Off. parkering bnr. 27 må takast ut av planen. | 2: Det stemmer at arealet ligg som fritidsbebyggelse i KPA. At det ligg slik er truleg ein feil då det er lite truleg at ein ville fått godkjenning for fritidsbustader på dette arealet. Kommuneplan seier også at ein ikkje skal legge opp til fritidsbustader nær sjø. Naust er ikkje fritidsbebyggelse, noko som kommuneplan presiserer.<br><br>3. Tiltakshaver vil ikkje forlenge planprosessen med å utvide planområdet no. Byggegrense mot sjø lagt inn mot bnr 12.<br><br>4: o_SKV2 er forsøkt lagt slik at det vert minst mogleg inngripen i privat eigedom<br><br>5: Tilgang for røyrslehemma er eit viktig element i planen. Merknad ikkje tatt til følgje. |
| Gunn Marit Baldersheim, 106/1 m.fl., nabo | 24-08-18 | 1: Naust på Hauganeset – Naust 106/1 ligg som §12-5 nr.5 «LL». Naust 106/2 ligg som §12-5 nr.1 «BUN3». Desse nausta bør *regulerast likt (etter §12-5 nr.1).*<br><br>2: Fortau langs Fv 121:<br>Må ikkje leia til at Fv blir flytta mot aust på nordsida av brua, men <u>berre</u> mot vest.<br><br>3: Avkøyrsel/ traktorveg frå Fv 121 krysset på Hauganeset og ned i fjøra: Må tegnast inn på reguleringsplanen*. (sjå brev frå Gunn M.B. som viser traktorveg)*<br><br>4: Merknad plan pkt 8.1: Uriktig tolking av Ortofoto. | 1: Tiltakshaver var ikkje merksam på at BUN3 tilhøyrte 106/2. Naustformål er fjerna og naust går inn i LNFR formål.<br><br>2: Planen legg opp til fortau på sjøsida av FV.<br><br>3: Avkøyring tatt inn.<br><br>4: Dersom gnr 106/1 ynskjer å få stadfesta riktige eigedomsgrenser må dette tas mot oppmåling i Fusa Kommune. Det har ingen praktisk negativ konsekvens at formålsgrensa står slik den gjer.<br><br>5: Avkjøyring flytta nokre meter nord. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | 5: Merknad landbruksavkøyrsle:<br>Innkøyrsle bør flyttast mot nord og regulerast inn.<br><br>6: Regulering av SV1:<br>Uklart med vegbreidde/veg/utviding – korleis og i kva retning. Ber om kommentar på dette.<br><br>7: Containerar for hytterenovasjon m.m.:<br>Ikkje teke inn i planforslaget/ blir flytta til ein annan stad.<br><br>8: Den gamle vegen til ungdomshuset på sørsida av elva:<br>Veg frå kryss mot oppvekstsenteret til U-huset (gml bygdeveg). Veg er sperra av eigar til 107/1 – vegen bør vera open for allmenn ferdsle. | 6: Vegen kan bli bredda. Planen avgrensar ikkje konkret teknisk utforming av oppgradering av vegen eller kva side det er naudsynt med grøfter. Mindre endring mot 106/2 gjort i plankart.<br><br>7: At renovasjonspunkt ikkje er teikna inn betyr ikkje at dei blir flytta. Ein må anta at containere kan bli ståande i same område.<br><br>8: Privat veg på 107/1 inngår ikkje i planområdet og merknad er kan ikkje handsamast i planarbeidet. |